

Referat frå styremøte nr. 2-2023

Dato: 24. mars 2023

Tid: kl. 10.00-12.20

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund og Teams

Til stades frå styret:

Ved fysisk frammøte:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

Digitalt via Teams:

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Forfall:

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 10/23: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Dagleg leiar hadde ei sak til eventuelt. Det gjaldt spørsmål frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å få til ein kort arbeidsverkstad med kommunane på Sunnmøre våren 2023 om rullering av regionalt plansystem. Styret sa ja til det.

Sak 11/23: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-2023 (27.01.23)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå førre styremøte vart godkjend.

Sak 12/23: Revisjon av strategi for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Oppfølging av sak 3/23. Administrasjonen fekk til oppgåve å hente inn informasjon om korleis andre regionråd samarbeider med stortingspolitikarar. Målet er å finne ein samarbeidsmodell med Mørebenken, jf. strategien punkt 2.1 om lobbyverksemd.

Administrasjonen har snakka med Osloregionen, Ringeriksregionen, Trondheimsregionen og Orkdalsregionen (Interkommunalt politisk råd for Trøndelag sørvest). Oppsummert har dei ikkje formalisert samarbeid med sine stortingsbenkar.

Informasjonen frå samtalane med dei andre regionane kan oppsummerast slik når det gjeld korleis ein kan samarbeide med stortingspolitikarane:

- samle stortingsbenken ved behov
- sende informasjon til komiteane på Stortinget
- halde webinar
- invitere til konferansar
- delta i høyringar
- bruke ordførarane sine kontaktar
- samarbeide over fylkesgrensene (t.d. i saker om samferdsel)

Styret konkluderte med å revidere punkt 2.1. i strategien. Administrasjonen fekk til oppgåve å lage ei oversikt over komiteane på Stortinget og saker dei arbeider med.

Sak 13/23: Samarbeid med Framtidslaben og The North West

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Oppfølginga av sak 7/23. Administrasjonen har delteke på møte med Framtidslaben og har hatt 3 møter med The North West.

Tittelen på The North West-konferansen i 2023 er Liv laga! Konferansen vert arrangert 26.-29. april. Dagleg leiar orienterte om programmet for konferansen så langt det var klart.

Administrasjonen vil sende innkalling i kalenderen til ordførarane med endeleg program for konferansen. Det kan vere aktuelt å legge til rette for samling om kvelden og overnatting for ordførarane frå onsdag 26. til torsdag 27. april.

Sak 14/23: Høyringsvar om Energikommisjonen sin rapport - NOU 2023:3 Mer av alt raskere

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd fekk 14. februar spørsmål frå Ålesund kommune om å skrive høyringsvar til Energikommisjonen sin rapport avgitt til Olje- og energidepartementet 1. februar 2023. Ålesund kommune ba om at høyringsvaret var klart i løpet av mars.

Utkast til høyringsvar vart sendt ut til styremøtet.

På styremøtet godkjende styret høyringsvaret med ein merknad: Det vart vist til at Mørebankane er sensitive for utbygging av vindkraft. Styret avtalte at styremedlemmane Harry Valderhaug og Bjørn-Halvor Prytz innan 27. mars sender eit forslag til formulering om Mørebankane til administrasjonen. Høyringsvaret med innarbeidd formulering om Mørebankane vert sendt til styret på e-post for endeleg godkjenning før det vert sendt til Olje- og energidepartementet.

Kopi av innsendt høyringsvar vert sendt til deltakarkommuneane slik at respektive kommunar om ønskeleg kan handsame det politisk. Høyringsfristen er 2. mai.

Sak 15/23: Kommunedeling Ålesund og Haram

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har fått informasjonsbrev om kommunedeling Ålesund og Haram. Noverande Ålesund kommune har meldt seg ut av Sunnmøre regionråd. Det er vedtatt av kommunestyret at både Haram og Ålesund skal fortsette å vere deltakar i Sunnmøre regionråd. Dette vil krevje vedtak i alle deltakarkommuneane. Jf. selskapsavtalen § 7 må det gjerast ny avtale om geografisk samansetting av styret.

Sak 16/23: Jobbmessa «Bli med hjem» i Oslo 13. april

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har blitt kontakta av Næringsforeningen - Ålesundregionen med spørsmål om vi vil vere med på å lage ein felles stand for sunnmørskommunane.

Administrasjonen har sendt førespurnad til medlemskommunane om deltaking.

Kommunane Giske, Stranda, Sykkylven, Sula, Fjord og Ålesund har meldt interesse for å delta. Administrasjonen i Sunnmøre regionråd har forstått det slik at kommunane på søre Sunnmøre i utgangspunktet deltek på jobbmessa saman med næringsforeiningar der.

Sak 17/23: Orienteringssak

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Oppfølginga av sak 7/23. På siste styremøte vart det oppnemnd ein programkomite for eit innbyggarmøte om framtidige helsetenester. Det kom forslag om at ein kunne arrangere innbyggarmøtet under The North West ultimo april 2023.

Programkomiteen har sidan førre styremøte hatt møte og kome fram til at dato for innbyggarmøtet vert 22. november 2023. Det er aktuelt å arrangere innbyggarmøtet som Arena Sunnmøre 2023 og invitere formannskapa.

Sak 18/23: Høyringsmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune om prioriteringar i ny Nasjonal transportplan 2025-2036

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd er invitert til å delta på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsmøte på Teams 21. april kl. 12.00-14.40 om prioriteringar i ny Nasjonal transportplan 2025-2036. Hensikta er å få fram kva prioriterte satsingsområde, prosjekt eller tiltak ein ønskjer å spele inn til ny NTP.

Styret beslutta å invitere ordførarane til eit førebuande Teams-møte 17. april kl. 10.00-11.00. Møtet vert leiar av styreleiar Vebjørn Krogsæter. Han vil halde ei innleing om historikken i Sunnmøre regionråd sitt arbeid i høve til NTP. Etter dette får ordføraren i kvar kommune inntil 3 min. til eit førebudd innlegg om kommunen sine prioriteringar. Det som vert presentert skal også oversendast skriftleg til Sunnmøre regionråd. Til slutt i møtet vert det drøfting av korleis Sunnmøre regionråd sitt innspel på høyringsmøtet 21. april skal vere.